

## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2021/1652-34

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
25/2023	07.03.2023	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
33/2023	14.03.2023	Formannskap
25/2023	30.03.2023	Kommunestyre

## Endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo - område ved bekkeinntak Fjuken


### Vedlegg

- 1 Reguleringsplankart - Utsnitt for planrevisjon - Flaumsikring av Bismo
- 2 Reguleringsføresegner Flaumsikring av Bismo\_Revisjon 02-03-2023
- 3 NVE Teikning A75: Inntakskonstruksjon Fjuken

### Saksutgreiing

"Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo", planid. 34330001, vart vedteken av Skjåk kommunestyre 22.06.2022. Det har etter detaljprosjekteringa av anlegga i regi av NVE, vist seg at det er nødvendig å dimensjonere opp bekkeinntaket av Fjuken i forhold til det som ligg i den vedtekte reguleringsplanen. I den oppdaterte detaljprosjekteringa, er inntaket av Fjuken planlagt med ein større innlaupskonstruksjon som består av et ope sedimentkammer (basseng) støypt i betong. Denne skal samle opp vatnet i bekken og leie vatnet inn i eit røyr som går vidare ut i Ottaelva, og samtidig holde tilbake stein, grus og rekved som kjem med bekken slik at dette ikkje tettar røyret. Inntakskonstruksjonen har breidde på 4 m og ei lengde på om lag 23 m. Med omsyn til at sjukeheimen ligg nedstraums, er anlegget prosjektert for å takle ein 1000-års flaum med 40 % klimapåslag. Anlegget er dimensjonert etter flaumberekningar og gjeldande regelverk i byggtknisk forskrift TEK 17. Det er dessutan planlagt eit sikringsrekkverk på toppen av konstruksjonen. Ein viser til vedlegg av teikning A75 som viser detaljutforming av konstruksjonen.

Anlegget vil strekke seg lenger opp langs bekken enn i dei opphavlege planane frå NVE. I tillegg er det nødvendig å bygge ein permanent driftsveg langs inntakskonstruksjonen for å kunne ta ut og køyre bort det som vil bli samla opp i denne. Da terrenget er bratt, må denne vegen vere gjennomgåande, da det vil vere vanskeleg å rygge for ein traktor med hengar/lastebil med fullt lass. Ved ein flaumsituasjon vil anlegget kunne fyllast opp raskt med stein, grus, rekved og anna rask, slik at det vil vere viktig å ha god tilgang til anlegget. Driftsvegen vil vere stengt for anna motorisert trafikk. Kartutsnittet under viser korleis NVE har planlagt og detaljprosjektert anlegget.




Figur 1: Kart som viser korleis sikringsanlegga ved inntaket av Fjuken er prosjektert i byggesøknaden frå NVE. Oransje flate er den gjennomgåande driftsvegen, medan anlegget på sørsida er innlaupskonstruksjonen med røyr som går vidare ut mot Ottaelva.

NVE sende 20.01.2023 rammesøknad for bygging av flaumsikringsanlegg langs Otta ved Bismo. Som del av denne søknaden, søkte NVE om dispensasjon frå reguleringsplanen da detaljprosjektera for bekkeinntaket kom ut over arealet som var avsett som reguleringsformål for bygginga av flaumsikringsanlegga. Dispensasjonssøknaden var nabovarsla av NVE 13.12.2022. NVE sendte også dispensasjonssøknaden til uttale til Statsforvaltaren i Innlandet. Statsforvaltaren viser i si uttale til søknaden at anlegget av bekkeinntaket med driftsvegen, kjem noko inn på areal som i reguleringsplanen er regulert for bustadbygging, på areal til blågrøn struktur og på areal til landbruksformål. Statsforvaltaren skriv at slik formål og føresegner i reguleringsplanen er utforma, skulle anlegget ligge med formålet overvasstrase som også heimlar drift og vedlikehald av anlegget. Statsforvaltaren skriv at dei omsyn som dei skal ivareta ikkje blir vesentleg råka av tiltaket, og dei vil ikkje setje seg i mot at det blir gjeve dispensasjon frå planen for å tillate tiltaket. Statsforvaltaren meiner likevel at det her vil vere meir rett å endre reguleringsplanen, slik at den viser rett arealformål for framtida og at framtidig drift og vedlikehald da vil ha heimel i planen.

Etter råd frå Statsforvaltaren, ønskjer kommunen da i staden å behandle dispensasjonssøknaden frå NVE, som reguleringsendring i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd. Ved å gjennomføre prosessen som ei reguleringsendring, vil ein ha ein oppdatert reguleringsplan å helde seg til, noko som kommunen ser vil vere ei klar føremon med omsyn til framtidig drift og vedlikehald av sikringsanlegget.

Arealet som vert påverka av endringa, omfattar strekninga frå der Fjuken kryssar Skeisvegen til om lag der Fjuken blir teke inn i røyr og i dag leia over Skeisjordet. Anlegget av bekkeinntaket og driftsvegen vil omfatte areal av eigedomen GID 127/37 der Fjuken renn i dag, og areal av bustadeigedomen GID 127/38. Den første er eigd av Skjåk kommune, medan bustadtomta er i privat eige. Endringa vil også kome nær inntil grensa for bustadeigedomen GID 127/41.

Forslaget til reguleringsendring tek utgangspunkt i den reguleringsplanen ein har i området i dag, som altså var vedteken av kommunestyret 22.06.2022. I denne var det ikkje sett av større areal til ein inntakskonstruksjon som det no viser seg at det er behov for. Utsnitt av gjeldande reguleringsplan viser plansituasjonen for området ved bekkeinntaket:



Figur 2: Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for vedteken av kommunestyret 22.06.2022.

Plankontoret er av den klare oppfatning av at dei endringane som er omsøkt i byggesøknaden og dispensasjonssøknaden frå NVE, er godt fagleg grunngjeve og nødvendige å få gjennomføre som ein del av flaumsikringa av Bismo – nærare bestemt for å hindre av Fjuken kjem ut av sitt laup og skadar areal nedfor - mellom anna på Skjåkheimen, på fulldyrka mark og på RV15.

Kommunen vurderer at den endringa som er føreslege for flaumsikringa og inntaket av Fjuken, ikkje vil påverke annan arealbruk fastsett i planen slik at tilgrensande eigedomar blir vesentleg vanskelegare å nytte. Riktig nok vil endringa legge beslag på areal som er regulert til bustadareal på GID 127/38. I den vedtekte planen var det lagt opp til at GID 127/38 måtte avstå 158 m<sup>2</sup>, slik at arealet som no vert råka er om lag fordobla - med ei auke på 156 m<sup>2</sup>. Kommunen viser til at arealet som må bli avstått, ikkje er opparbeid som tomteareal, og omfattar ei dels skogkledd skråning ned mot bekken/grøfta. Med den reguleringsendringa som nå blir føreslege, vil GID 127/38 måtte avstå 314 m<sup>2</sup> av et areal som i matrikkelen er på 2498 m<sup>2</sup>. Avstanden til bustadhuset til arealet der det skal opparbeidast driftsveg, er minst 20 m.


Kommunen skal stå som eigar av flaumsikringsanlegga etter at desse er bygd, og det blir gjennomført ein prosess med grunnverv for anlegga parallelt med plan- og prosjekteringsarbeidet. I denne prosessen er det underskrive avtale med eigar av GID 127/38 om å avstå 314 m<sup>2</sup> i samsvar med endra planar og prosjektering frå NVE.

Kommunedirektøren tilrår som nemnt gjennomføre prosessen som ein mindre reguleringsendring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd. Ein gjer den vurderinga at bekkeinntaket slik det no er planlagt og prosjektert, tilseier at det vil vere tenleg at heile arealet som omfattar konstruksjonen og driftsvegen blir lagt ut med reguleringsformål *overvassnett*. Bekken Fjuken er

kanalisert, og står på strekninga fram meir som ei grøft i dag. Det må dessutan gjerast ytterlegare gravearbeid for å leie bekken/grøfta inn i inntakskonstruksjonen. I reguleringsplanen for flaumsikringsanlegget frå 2022, er arealet kring bekken/grøfta lagt ut med reguleringsformål *blågrøn struktur*. Ein ser at med den nye konstruksjonen som strekk seg mykje lenger oppover bekken/grøfta, vil det ikkje vere att areal som er eigna for utlegging for dette føremålet.

Ved Skeisvegen er det regulert og opparbeid ein snuplass/vendehammar. Det er her den planlagde driftsvegen til flaumsikringsanlegget skal ta av. Ein foreslår å behalde denne som del av reguleringsplanen som vegareal, og foreslår å tilpasse utforminga til den prosjekteringa som er gjort av driftsvegen.

Kartfigur 3 under viser utsnitt av forslaget til endring av reguleringsformål.



Figur 3: Utsnitt som viser forslag til endring av reguleringsplanen frå kommunens plankontor.

Dei endringane av arealformål som ein her foreslår omfattar eit areal på til saman 786 m<sup>2</sup>.

Føreslege utviding av reguleringsformål for *Overvassnett* (o\_SOV01) utgjer eit areal på 762 m<sup>2</sup>, og er i gjeldande plan regulert slik:

- 156 m<sup>2</sup> er bustadformål (BF01)
- 565 m<sup>2</sup> er blågrøn struktur (o\_GBG01)
- 41 m<sup>2</sup> er landbruksformål (LL01)

Føreslege utviding av reguleringsformål for *Vegformål* (o\_SKV08) for vendehammaren til Skeisvegen, utgjer eit areal på 24 m<sup>2</sup>, og er i gjeldande plan regulert slik:

- 24 m<sup>2</sup> er regulert som blågrøn struktur (o\_GBG01)

Dei 156 m<sup>2</sup> som i reguleringsplanen for flaumsikringsanlegg som vart vedteken i 2022 er bustadformål, tilhøyrar GID 127/38. Resten av arealet som er omfatta av forslaget for reguleringsendring ligg på grunn som er eigd av Skjåk kommune.

Skjåk kommune sendte 01.02.2023 forslag til endring av "Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo" på avgrensa høyring til partar som vert direkte påverka av endringa ved bekkeinntaket. Frist for å kome med merknader til forslaget til planendring, var sett til 19. februar 2023. Det er ikkje kome inn merknader til forslaget om planendring.

Reguleringsendringa krev i tillegg til endringar av plankartet som skissert framfor, at det blir gjort mindre endringar av reguleringsføresegnene. Forslaget til revisjon inneberer at det ikkje blir att areal med reguleringsformål blågrøn struktur. Ein føreslår derfor å ta ut tekst i reguleringsføresegnene tilknytt dette reguleringsformålet. Det inneberer at reguleringsformålet 3002: *Blågrøn struktur (GBG)* blir teke ut i opplistinga i kap. 2, og i tillegg til at ein tek ut heile kap. 5.2 Blågrøn struktur. Kapitel 5.3 til 5.7 får da endra nummerering i dei reviderte reguleringsføresegnene i forhold til i planføresegnene som vart vedteke 22.06.2022.

Vedlegg av plankart og reguleringsføresegnene, er oppdaterte i forhold til dei endringane som er omtalte her.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer at dei reguleringsendringane som er føreslege i tilknytning til bekkeinntaket av Fjuken, er nødvendige å få gjennomføre NVE sin tiltaksplan etter den detaljprosjekteringa og farevurderinga som er gjort. Bekkeinntaket skal hindre av Fjuken kjem ut av sitt laup og skadar areal nedfor - mellom anna på Skjåkheimen, på fulldyrka mark, på Skeisvegen og på RV15.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga framføre, revidert reguleringsplankart (datert 02.03.2023) og reviderte reguleringsføresegner (datert 02.03.2023).

### **Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 25/2023 i møte den 07.03.2023:**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga framføre, revidert reguleringsplankart (datert 02.03.2023) og reviderte reguleringsføresegner (datert 02.03.2023).

### **Formannskapet si behandling av sak 33/2023 i møte den 14.03.2023:**

#### **Behandling**

Samrøystes.

**Vedtak**

I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga framføre, revidert reguleringsplankart (datert 02.03.2023) og reviderte reguleringsføresegner (datert 02.03.2023).

**Kommunestyret si behandling av sak 25/2023 i møte den 30.03.2023:****Behandling**

Samrøystes.

**Vedtak**

I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga framføre, revidert reguleringsplankart (datert 02.03.2023) og reviderte reguleringsføresegner (datert 02.03.2023).